



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2721 - 23/25777

Saksbehandlar:
Sture Helle
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:
16.11.2023

Vedtak til klagevurdering - gbnr 111/74 Øvre Raknes

Tiltak: Søknad om løyve til tiltak - Fasadeendring og påbygg på vandreheim
Eigedom: Gbnr: 111/74
Tiltakshavar: Nordhordland Indremisjon
Ansvarleg søkjar: Byggmester Romarheim As

Saka gjeld søknad om tilbygg og fasadeendring på eksisterande bygg, vandrarheim i LNF-område.

Handsaming

Saka vart handsama av Osterøy kommune 14/11/2023 saknr. 333/23, der følgjande vedtak vart fatta:

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF- føresegna i KPA for fasadeendring og tilbygg på eksisterande bygg på gnr. 111 bnr. 74 på følgjande vilkår, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr 5:

- Plasseringa skal vere i samsvar med situasjonsplan motteken saman med dispensasjonssøknaden.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for fasadeendring og tilbygg på eksisterande bygg på gnr. 111 bnr. 74 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og teikningar vedlagd søknad med heimel i plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3. Toleransegrense for plasseringa er 0,5 meter, jf. forskrift om byggesak § 6-3, bokstav b, så langt plasseringa ikkje kjem i strid med andre reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Seinast ved søknad om ferdigattest, eventuelt ved søknad om mellombels bruksløyve, skal det sendast inn dokumentasjon for:

2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen."

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Sture Helle
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

111/74 Øvre Raknes - Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak - fasadeendring og tilbygg - vedtak
Oversending av søknad til uttale, dispensasjon for tilbygg i LNF. - gbnr 111/74 Øvre Raknes
117/74 - Søknad om fasadeendring og oppføring av tilbygg
Søknad om tillatelse til tiltak Gbnr. 111_74
Vedlegg A-1 Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon
Vedlegg B-1 Søknad om dispensasjon
Vedlegg C-1 Nabovarsel Gjenpart
Vedlegg C-2 Kvittering nabovarsel
Vedlegg D-1 Situasjonsplan
Vedlegg E-1 plan 1
Vedlegg E-2 Fasader
Vedlegg E-3 bilde eksisterende bolig
Vedlegg G-1 Gjennomføringsplan
Vedlegg G-2 Erklæring om ansvarsrett Monstad
Vedlegg G-3 Erklæring om ansvarsrett Mjelstad
Vedlegg G-4 Erklæring om ansvarsrett Thomas K Fosse
Vedlegg Q-1 Følgeløst brev til søknad om tillatelse til tiltak
Førebels svar - stadfesting motteken søknad - gbnr 111/74 Øvre Raknes

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER